



Naturvernforbundet
Hallingdal

Nesbyen kommune
postmottak@nesbyen.kommune.no

14.03.25

Klage på vedtak sak 48/2024, forslag til detaljreguleringsplan for Veneli-Krøren (planID: 01202102)

Me viser til Nesbyen kommunes vedtak om detaljreguleringsplan for Veneli-Krøren, (sak 48/2024, planID: 01202102), 4. februar 2025. Me vil med dette brevet påklage vedtaket. **Me meiner at vedtaket er i strid med nye statlige føringar** og manglar ein oppdatert, heilheitleg vurdering av konsekvensane for landskap, naturmangfald og friluftsliv.

Me vil grunngje klagen slik:

1)

Naturvernforbundet i Hallingdal (NiH) meiner at **kunnskapsgrunnlaget og kartlegginga av naturmangfaldet** i området rundt Veneli-Krøren er svært mangelfull.


Dette går tydeleg fram av Artskart i Artdatabanken. Kartlegging burde vore gjort etter **NiN systemet**. Me vil vise til Naturmangfaldlova §8-12. Kartlegginga bør foregå gjennom alle årstidene.

Det er kommunen sitt ansvar å skaffe til vege kunnskapar om naturmangfaldet i kommunen slik at kommunepolitikerane kan fatte kloke og langsiktige vedtak der hensynet til natur og miljø er ivaretekje. Dette vart tydeleg understreka av **Miljødirektoratet** i oktober 2024, då dei gjekk ut med tydelege signal om at det no må stillast langt strengare krav til kartlegging i samband med utbyggingar.

I **Biofokusrapporten frå mars 2023** står det at:

"Samlet sett vurderes kartleggingsstatus for Nesbyen kommune som «lite til ufullstendig kartlagt» for store deler av kommunen."

Kartet nedanfor er henta frå Biofokusrapporten og viser at kartlegginga av naturmangfaldet ved Krøren er svært mangelfull.



Figur 2. Kart som viser kommunens kartleggingsstatus. Bare deler av kommunen er vurdert som «godt kartlagt» (grønt). Resten er vurdert som «ufullstendig kartlagt» (gul), eller «lite kartlagt» (rødt).

I planforslaget står det mellom anna at: "

"Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8: De miljørettslige prinsippene i naturmangfoldloven §§8-12 skal legges til grunn ved offentlig myndighet. Det er gjort en utsjekk i naturbasen til miljødirektoratet på www.naturbase.no og i artsdatabanken på www.artsdatabanken.no."

"Føre-var-prinsippet jf. § 9: Kommunen kan ikke se at det «foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet». Kunnskapsgrunnlaget for planområdet er tilstrekkelig. "

Sidan det ikkje er gjort ei naturkartlegging i området, vil ein utsjekk i naturbasen til Miljødirektoratet, vere av liten verdi m h t å skaffe eit kunnskapsgrunnlag. Kommunen konkluderer altså her med at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg utan å ha undersøkt området m h t naturtypar og biologisk mangfald. Kommunen har difor gjort eit vedtak utan å ha innhenta tilstrekkelege kunnskapar om naturverdiane i Veneli- Krøren området. Dette er klart i strid med Naturmangfoldslova §7 og §§ 8 og 9.

Dette sviktande kunnskapsgrunnlaget kan ha ført til at kommunepolikerane i Nesbyen godkjente detaljreguleringsplanen 4.februar 2025. Denne feilen kan ha virka bestemmende for vedtaket (jmf forvaltningslova § 41) og vedtaket er difor ugyldig.

Sivilombodet har i brev (desember 2024, sak 2024/1117 Kjellhovda) stadfesta kravet om kunnskapsgrunnlaget i slike utbyggingssaker : " *Det følger av naturmangfoldloven § 8 første ledd første punktum at offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet så langt det er rimelig skal bygge på vitenskapelig kunnskap om blant annet naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.* "

2)

Denne utbygginga på Veneli-Krøren vil føre til ein **auke i turisttrafikken i området**. Dette er spesielt uheldig sidan området grensar mot Vassfaret og Vidalen landskapsvernområde, der mange av våre sårbare og **raudlista artar lever**.

Den auka turisttrafikken vil også påverke beitedyra i området, på ein negtiv måte. Særleg ille er elsykkeltrafikken i fjellområda som ofte fører til at søye og lamb blir skremt vekk frå kvarandre. No må Nesbyen kommune ta **beiteretten** til grunneigarane i Nesbyen på alvor! Med den hyttebygginga me har hatt på Nesbyen dei siste tiåra, vil beiteretten som har tilhøyrt grunneigarane i mange hundre år, sakte men sikkert smuldre bort. Beiteretten representerer varige verdier, i motsetning til hyttebygginga som undergrev desse varige verdiane.

Den overordna kommuneplan for Nesbyen, samfunnsdelen, skal vere styrande for utviklinga i kommunen og her står det at: "**produktive jord- og skogbruksområder skal som hovedregel skånes mot nedbygging.** "

- 3) Dette planforslaget legg opp til ei utbygging av nye fritidsbustader i **tre grensa** rett under snaufjell. Det er grunn til å minne om at slike utbyggingar er i strid med **nasjonale og regionale føringar**. I Hytteveiledaren (september 2022) som er sendt ut frå Stortinget, står det mellom anna at:

"Det er derfor viktig å verne samanhengande naturområde utan inngrep i skogbeltet under snaufjellet. Unngå ny fritidsbustad i og over skoggrensa ... Unngå utbygging som bryt tydelege åsprofilar eller viktige horisontlinjer ... Unngå utbygging i område med viktige beiteressursar for husdyr. Unngå utbygging på dyrka og dyrkbar mark.... "

- 4) Det er viktig å ta vare på den gamle stølskulturen som har levd i dette aktuelle utbyggingsområdet, i mange hundreår. Området ligg i tilknytning til eit slikt stølsområde som no nyleg er ført inn på UNESCO si verdsarvliste. Området treng difor spesielt vern. Slike gamle kulturminne må gjevast tilstrekkeleg rom slik at stølane ikkje forsvinn i dette hyttelandsbyar, jamfør **Hytteveilederaen** (september 2022). Her står det mellom anna: *"Unngå utbygging i område med viktige beiteressursar for husdyr. Ved planlegging av nye fritidsbustader må det takast omsyn til verdifulle kulturminne og kulturmiljø. Kulturminna som skal vernast, må gjevast tilstrekkeleg rom, slik at dei ikkje blir skadde av inngrep eller auka ferdsel og aktivitet knytt til fritidsbustadene "*.

- 5) I Plan og Bygningslova er det krav om at det ikkje kan gjerast **inngrep i eit belte på 100 meter frå vatn, bekkar og vassdrag med årssikker vassføring**. Denne regelen er viktig for å ivareta naturmangfaldet i og rundt vassdraget. Vegetasjonen som fins i dette 100 metersbeltet, stabiliserer jordsmonnet og er med på å forebyggje erosjon, flaum og skred ut mot vassdraget.

I dette Planprogrammet er det sett ein avstand på 50 meter til vatn og vassdrag, men det tilfredstiller altså ikkje dei krava som me stiller i dag. Avstanden på 100 meter må gjelde til vatnet Krøren og bekkane i området med årssikker vassføring.

- 6) I Liemarka fins det ca 130 **ubebygde og godkjente tomter for fritidsbusstader**. Når eit planområde har ein sopass stor tomtereseve, bør denne realiserast før ein kan gje løyve til nye utbyggingar og fortettingar i området. Dette er vanleg praksis i dei andre Hallingdalskommunane, og burde også gjelde for Nesbyen. Den store tomtereseven vil dekkje framtidig etterspørsel etter fritidsbusstader, i mange tiår framover, i dette området.

7)

I planforslaget står det at: "*Formålet med planarbeidet har vært å legge til rette for ny fritidsbebyggelse i området som en fortetting i et allerede bebyggt område.*"

Slik som me les plankartet, er denne planlagte utbygginga like mykje ei **utviding av det allereie utbygde område**. Planforslaget er difor i strid med overordna Kommuneplan for Nesbyen kommune, samfunnsdelen: "*Inngrepsfrie områder skal som hovedregel ikke innsnevres.*"

Det auka hyttevolumer, vil endre karakteren til området. Dette har også Statsforvalteren påpeika i sitt innspel 17.10.24: «*Planforslaget legger opp til en vesentlig fortetting av eksisterende situasjon ved å tilrettelegge for 40 nye hyttetomter innenfor et område med spredt fritidsbebyggelse. Dette er en økning med over dobbelt så mange hytter. Områdets karakter vil derfor gå fra å være et spredt hyttefelt til et svært tett hytteområde, og en slik fortetting vil endre landskapet i betydelig grad. Vi ber i den sammenheng kommunen om å nøye vurdere landskapsvirkningene.*» (Statsforvalteren, 2024).

8)

I samband med denne planlagte utbygginga på Krøren, vil noko vernskog mot tregrensa og fjellet gå tapt. Vernskog opp mot tregrensa er spesielt viktig for mikroklimaet fordi skogen stengjer for den kalde fjellufta som vil sige nedover og forstyrre spiring og tilveksten i økosystemet i dalsida, om vernskogen vert hogd.. Denne skogen skal difor ha eit spesielt vern!

OPPSUMMERT:

Vedtaket som kommunepolikerane i Nesbyen gjorde 4.februar 2025, om å godkjenne detaljreguleringsplanen for Veneli-Krøren, er ugyldig. Forvaltninga pliktar å gjere om på ugyldige vedtak når dei vert gjort merksame på det. Denne klaga må sjåast på som ei anmoding om ei slik omgjerding.

Me ber vidare om at reguleringsplanen ikkje vert iverksett inntil klagen er handsama.

Naturvernforbundet i Hallingdal
for styret Olav Arne Løstegaard

